

Høyringsuttale frå Skulegruppa for vidareføring av Kløvheim Skule i samband med «Kommunedelplan for skule 2014-2018»

Rådmann Ørjan Raknes har blant anna brukt Norconsultrapporten frå 2009 når ein nok ein gong ser på kommunedelplan for skule. Frå Norconsult sluttførte sin rapport, har ein ved Kløvheim skule fått utbetra fleire sentrale punkt, som gjer at vedlikehaldskostnadane ved å halde fram drift ved skulen er vesentleg mindre. Dette gjelder m.a.:

- Vindauga er skifta på heile fasaden 2002/2003
- Handicaptalett og elevtoalett vart pussa opp i 2005- 2006
- Tak er skifta juni 2010
- Garderobar tilknytt gymnastikksal er pussa opp i 2014 .

På tross av at dette er blitt påpeika ved fleire høve, ligg framleis desse tiltaka inn som rehabiliteringsutgifter og ikkje som ferdigstilte. Dette ber me igjen om at det blir retta opp i. Det er uheldig at det er slik, og vi er redde for at dei opplysningane som kjem fram i dokument som dette, er med på å villeda dei som skal ta avgjersle i saka, ikkje får den informasjonen dei treng, for å gjere gode beslutningar på vegne av heile kommunen. Etter det vi veit, kan det sjå ut til at kart og terreng til kva som er uteområde ikkje stemmer for Kløvheim. Vi stiller oss undrande til at det vil vere behov for å kjøpe tilleggsareal for å ha eit godt uteområde for elevane ved skulen, sjølv om elevtalet skulle aukast betrakteleg.

Økonomi vedkomande drift:

Skulane Myking, Kløvheim og Eikanger ligg alle langs fv 397 mellom dei to skulesentra Lindås og Ostereidet. Kløvheim er den skulen som ligg i midten med om lag 20 kilometer i avstand til begge sentra.

Kløvheim har den minste skulekrinsen i areal, der elevane har gangavstand til skulen. Skulen har gode lokalitetar og plass til fleire elevar. Skulen hadde for nokre år sidan 70 elevar. Det var ikkje då snakk om at skulen ikkje var godkjend for det tal elevar. At det no ikkje lenger skal vere kapasitet til 70 elevar, finn vi underleg og uheldig om det skulle vise seg at tala som kjem fram i framlegget frå rådmannen er feil.

Myking ligg lengst nord av desse skulane omlag 6 kilometer nord for Kløvheim, men knytt til Lindås Ungdomsskulekrins. Myking har i areal den største krinsen av desse skulane, der mange av elevane tek buss heilt frå Vabø som ligg nord i krinsen til skulen som ligg heilt sør i same skulekrins.

Eikanger skule ligg lengst sør av desse skulane, om lag 7 kilometer sør for Kløvheim, om lag 8km til Leiknes og om lag 10km til Ostereidet.

Når vi no kjem med innspel, er det for å peike på at vi ser at det er ei utfordring å drifte alle desse skulane. Samstundes meiner vi at det bør vere minst ein skule på denne strekninga som er om lag 40 km lang frå det eine skulesentra til det andre.

Jfr vedlegg til Kommunedelplan for skule 2010- 2020 s. 19 under samla vurdering står det:

«Alt i alt er læringsareala på Eikanger skule nedslitne».

Eikanger skule har fått paviljong etter Norconsultrapporten vart laga for å dekkje inn behov for større plass. Kostnader for tilrettelegging av dei to klasseromma som ein finn i paviljongen har kosta fleire millionar. Det er viktig å merke seg at paviljongen er leigd, og at ein ved vidare drift der må ta inn over seg at det vil komme ein ytterligere kostnad der innan ein 2 års periode når kommunen anten må kjøpa ut paviljongen, evt returnere den. Skal kommunen kjøpa, er det ikkje i tråd med at kommunen skal spare pengar. Vidare veit ein at der er kapasitet ved fleire andre skular få kilometer unna.

Å fordela elevane ved Eikanger skule på hhv Ostereidet og Kløvheim (event. Leknes i tillegg) og på denne måten utnytta godkjent undervisningsareal utan å måtta investera i nybygg vil utan tvil gje kommunen den beste driftsinnsparinga. Korkje Kløvheim eller Ostereidet har pr. i dag plass til Eikanger sine elevar åleine, det er derfor naudsynt å fordela på to/tre skular for å unngå auka investeringar og gje eit dårlegare tilbod enn i dag.

For elevane på Eikanger saman med dei om lag 120 elevane på Ostereidet Barneskule, vil ein samlokalisering for heile Eikanger Skule og Ostereidet Barneskule på Ostereidet føre til at ein er nøydd til å utvide(byggje nytt). Skal Kløvheim og sendast til Ostereidet, vil ein utbygging tilsvarande nye Seim Skule tvinga seg gjennom. Det er heller ikkje i tråd med at kommunen skal

spare pengar. I tillegg vil det være naudsynt å utbetra vegen frå Ostereidet senter til skulesenteret der. Det vil medføra store kostnader og vil gjera løysinga bort i mot urealistisk. Veggen er i dag smal og svingete, og dagleg opplever ein uheldige situasjonar pga stor trafikk til og frå skulesenter og barnehage morgon og ettermiddag. Skal i tillegg foreldra på Eikanger og Kløvheim køyra denne strekning dagleg, vil det være heilt naudsynt med ny veg. Borna i klassetrinna 1 tom 4 som nyttar SFO, vil være avhengig av skyss til og frå skulen med privatbil kvar dag.

Kløvheim Skule har i dag omlag 40 elevar. I dag er skulen tredelt. På skulen er det ledig kapasitet, og tal frå rapporten seier at der er rom for å ta imot ein del elevar utan at det treng store utbetringar. Skulebygningen er i god stand, og der er eit stort uteområde. Om kommunen vel å tilføre eit tal elevar, vil ikkje uteområdet på skulen bli råka. Det er viktig med tanke på kva tilbod elevane pr. i dag har, som ingen ynskjer skal bli dårlegare. I så måte er ein samlokalisering på Kløvheim Skule et alternativ som gjev kommunen rom for å spare pengar.

Myking skule ligg i dag på om lag 60 elevar. Dei soknar til Lindås Ungdomsskulekrins. Kommunen må ta stilling til om dei framleis ynskjer at dei skal sokne til Lindås, eller om ein del av den geografisk store krinsen i staden skal sokne til Ostereidet Ungdomsskulekrins. På Lindås Barneskule vil det frå hausten 2015 vere god kapasitet til å ta imot alle elevane ved Myking Skule. Det vil gje rom for innsparing. Vi har imidlertid stor respekt for at alle bygder vil behalda skulen sin, på lik linje med vårt ønske.

Framlegg til moglege ulike løysingar:

Ungdomsskulekrinsgrensane står uendra.

Lindås Barneskule er snart ferdig rehabilitert. Då vil det vere i tråd med at kommunen skal spara pengar å nytte ledig kapasitet ved skulen. Alle elevar ved noverande Myking Skule held fram som elevar ved Lindås Ungdomsskule, men med ny barneskule: Lindås Barneskule framfor å halde fram drift på Myking skule.

Ungdomsskulekrinsgrensane vert justert noko. Noverande Ostereidet Ungdomsskulekrins vert strekt nordover til å gjelde heile Mykingvegen. Elevane på sjølve Myking må ta ei avgjerd om dei vil halde fram som elevar i Lindås

Ungdomsskulekrins, eller dei vil skifte til Ostereidet Ungdomsskulekrins. Kløvheim Skule får endra opptaksområde til å gjelde heile Mykingvegen (frå E39 ved Vadhaugen bustadfelt og nordover. Heggertveit og Kolås ligg i avstand nærare Kløvheim enn Leiknes, og bør difor vurderast inn i Kløvheimkrinsen.

Elevar i noverande Eikanger skulekrins som bur på Eidsnes, vil geografisk ha kortare veg til Ostereidet enn Kløvheim, og naturleg nok vil dei kjenne tilknytning der. Elevar som bur på Fyllingsnes, vil kunne velje Leiknes/ Ostereidet/ Kløvheim. I hovudsak vil dei moglegvis ha kortare avstand til Leiknes. Om der er kapasitetsproblem, vil dei måtte velje mellom Ostereidet/ Kløvheim. Alle skal til sjuande og sist til Ostereidet på ungdomsskulen.

Justering av noverande kringsgrenser bør ein sjå nærare på. Kløvheim er i dag den minste skulekrinsen i areal, men med størst uteareal og mest vedlikehaldsfri bygningsmasse. Skulen har ein del ledig kapasitet. Ein moglegheit vil vere å flytte noverande kringsgrense nordover til å gjelde heile Mykingvegen til Myking Handel, og sørover t.o.m. Vahaugen bustadfelt som grensar til E 39 som naturlige skilje for busstransport. Samstundes ivaretek ein kjerna som har gangavstand til skulen.

Lindås Kommune har fleire stader skulebygningen liggjande i enden av skulekrinsane. Ved å endra opptaksområda, vil ein for skulane Myking, Kløvheim og Eikanger kunne få ein skule liggjande i midten. Det vil gje ein meir «rettferdig» fordeling av reiseveg. Som kommune bør administrasjonen ta innover seg at mange av dei som bur i området har arbeidet sitt knytt til Mongstad. For dei som bur frå Eikanger og nordover, vil ein samlokalisering på Kløvheim kunne gje eit stort lette for henting/ levering til SFO. Det er eit viktig tenestetilbod som kommunen gjev til innbyggjarane sine, som ein ikkje ynskjer skal verte dårlegare. For dei elevane som nyttar SFO vil ein samlokalisering lenger sør t.d. Eikanger/ Ostereidet gje dei særst lange dagar på skulen då foreldra først må køyre til Ostereidet for å køyre heilt tilbake til t.d. Mongstad på jobb. For mange av dei minste elevane vil dette utgjere om lag 1 klokke time kvar dag i «meirtid» på skulen. Kommunen vil måtte utvide opningstidene på SFO, og dei elevane som nyttar SFO vil få eit dårlegare skuletilbud enn dei i dag har.

Kommunestrukturen i Nordhordland står no for ei større justering der samanslåing av Lindås , Meland og Radøy fort kan verte ein realitet. Mest sannsynleg vert det då heilt annan kvardag, når det gjeld økonomiske prioriteringar. Er det då realistisk med vedtak av større nybygg i desse krinsane der ein pr. dags dato har den ledige kapasiteten ein treng om ein ser skulane under ett?? (T.d. ei investering på 150 mill. + kjøp av tomt, grunnarbeid og tilrettelegging av uteareal med parkeringsplass. Dette skal ein gjere for å spare eit par mill. i året. Då vil det gå fleire tiår før ein er i null på investeringa og kan seie at ein sparer pengar.) Det er verdt å merke seg at utgangspunktet for heile denne debatten vedk. skulestruktur, vert gjort fordi ein skal spare pengar frå no og framover.

Konklusjon

Arbeidsgruppa for vidareføring av Kløvheim Skule vil understreka at Norconsultrapporten sin hovud anbefaling for å gje den beste økonomiske og kvalitative løysinga var å bruka skulen på Kløvheim til samlokalisering av krinsane Myking, Eikanger og Kløvheim. Slik er framleis situasjonen, då det kan sjå ut til estimering av vedlikehaldsutgifter ved skulen er lågare enn kva framlegget frå rådmannen seier (fleire av punkta under grunnlaget for estimering av utgifter er no utbetra). Vi vil trekkje fram Norconsult sin anbefaling som er henta frå kommunedelplanen skule 2010-2020 side 5:

«etter ei grundig fagleg og økonomisk avvegning, rår konsulenten til at framtidig skulestruktur i Lindås kommune følgjer alternativ B1a for barnesteget.»

Øistein Sjøvik var rådmannen som styrte då ein sist hadde «kommunedelplan for skule» oppe til handsaming. Etter nøye gjennomgang vart og` hans konklusjon at Kløvheim som mottakar skule var det alternativet der ein hadde størst økonomisk gevinst.

Med helsing

Skulegruppa for vidareføring av Kløvheim Skule

Hege Bårdsen

